

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 19/712-9

Kontroll av reiserekningar på politisk nivå

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gje slik tilråding:

Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget tek rapport etter kontroll av reiserekningar på politisk nivå til etterretning
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen sjå til at legitimering av formål med, og førehandsgodkjenning av reiser får fokus ved utarbeiding av rutinar og retningslinjer for yrkesreiser i den nye fylkeskommunen
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen sjå til at:
 - a. Program, invitasjon og andre forklarande dokument skal leggjast ved under opplastingsfunksjonen «Generelle dokument» i startskjermBILETET i reiserekningssystemet (første skjermBILETE)
 - b. Eventuell godkjenning og kven som har gitt denne skal gå fram som skriftleg kommentar frå den som krev refusjon i sluttskjermBILETET
4. Tiltaka 3a og 3b vert innført og presisert for alle brukarar av reiserekningssystemet i dagens fylkeskommune

Vedlegg:

- Rapporten «Kontroll av reiserekningar på politisk nivå» frå SF revisjon IKS

Andre relevante dokument i saka:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Det kom i kontrollutvalsmøte 11. februar i år fram ynskje om å få gjennomført kontroll av reiserekningar på politisk nivå under statusrapporteringa for finansiell revisjon.

Kontrollsjefen utarbeidde ei bestilling av kontrollen, som vart drøfta med utvalsleiar og revisor før den vart oversendt til SF revisjon som bestilling. Formålet med kontrollen skulle vere å få vurdert om reisene er tilstrekkeleg legitimerte og dokumenterte og om reisene vert korrekt utfylt, behandla og kontrollert.

Kontrollutvalet fekk framlagd bestillinga som meldingssak i møte 1. april, og tok der bestillinga til orientering.

2. Vurderingar og konsekvensar

SF revisjon IKS har utarbeidd ein rapport etter gjennomført kontroll av reiserekningar på politisk nivå gjennomført i 2018.

Kontrollutvalet mottok rapporten 20. august.

Kriteria

SF revisjon har vurdert reisene opp mot tre kjelder:

- SGS 1001 Reiseregulativ
- Sogn og Fjordane fylkeskommune sine Arbeidsvilkår for folkevalde
- Sogn og Fjordane sine Rutinar ved yrkesreise

Metode

Kontrollen er gjennomført som stikkprøvekontrollar av om lag 10% av alle reiserekningane tilhøyrande politikarar i 2018. Om lag fem prosent er valt ut frå tilfeldig utplukk, og om lag fire og ein halv prosent er basert på risikovurdering. Vidare vart det gjennomført samtalar med personar i administrasjonen som har fullmakt/ansvar for attestasjon og tilvising av reiserekningane.

Vurderingar av funn opp mot kriteria

Revisor har vurdert reiserekningane opp mot følgjande kontrollpunkt:

1. Attestert av person med fullmakt
2. Tilvist av person med fullmakt
3. Utlegg legitimert med kvitteringer
4. Registrert reisetid
5. Registrert kilometer
6. Legitimert formålet med reisa med underliggende dokumentasjon eller andre rutinar som gjer at ein kan etterprøve formålet med reisa/aktiviteten på ein enkel måte.

Revisor fann ingen avvik i kontrollhandlingane 1 – 5. Revisor skriv i rapporten at ein med stor tryggleik kan konkludere med fylkeskommunen sine rutinar og retningslinjer knytt til politikarane blir følgt og fungerer godt.

Når det gjeld kontrollpunkt 6 viser undersøkinga at 22 av 31 reiserekningar for det tilfeldige utvalet er dokumentert med underliggende dokumentasjon eller er etterprøvbare på annan måte. Dei resterande 9 er reiser som gjeld representasjon, konferansar og eksterne møte. Når det gjeld kontrollpunkt 6 for det risikobaserte utvalet viser undersøkinga at 25 av dei 27 kontrollerte reisene ikkje kan etterprøvast av eksterne ved for eksempel underliggende dokumentasjon. Dette gjeld representasjonsreiser, kurs/konferansar, møte og reiser til forskjellige generalforsamlingar.

I møte med administrasjonen har revisor fått opplyst at aktivitetane ofte vert fordelt mellom politikarane i dei politiske møta der administrasjonen fangar dette opp, og at forholda blir kontrollerte ved at administrasjonen tek kontakt med fylkesordførar for å få bekrefte formål med reiserekningar frå politikarar der formålet ikkje er kjent.

Revisor peikar også på at administrasjonen uttaler at dei vil ta dette med i arbeidet med nye Rutinar og retningslinjer for yrkesreiser i den nye fylkeskommunen. Revisor støtter administrasjonen i dette.

Høyringsuttale

Fylkesrådmannen skriv i sin høyringsuttale at han ikkje har merknadar til konklusjonen i rapporten. Fylkesrådmannen tilrår at dei forhold som revisor peikar på knytt til førehandsgodkjenning og til dokumentasjon vert tekne inn i arbeidet med retningslinjer for yrkesreiser for Vestland fylkeskommune. I tillegg nemner fylkesrådmannen mellombelse tiltak for forbetring. Fylkesrådmannen sine forslag er tekne med som tilrådingar i saka.

3. Konklusjon

Basert på gjennomførde kontrollar er reiserekningane etter revisor si vurdering i all hovudsak tilstrekkeleg legitimerte og dokumenterte, korrekt utfylt, behandla og kontrollert. Formålet med reiser knytt til interne politiske møter i fylkeskommunen i all hovudsak er tilfredsstillande legitimert.

Undersøkinga viser at andre type eksterne reiser som t.d. kurs, konferansar, møter m.m. ikkje tilfredstillar krava med vising til fylkeskommunen sine Rutiner for yrkesreisande pkt. 5 om Reiserekning og dokumentasjon avsnitt nr. 3 b). Revisor skriv at funnet er å sjå på som ein rutinesvikt. Kontrollen har ikkje gitt indikasjonar på at legitimering/formålet med reiseaktiviteten ikkje har vore kontrollert/godkjent av administrasjonen og/eller fylkesordførar/fylkesvaraordførar eller utvalsleiar.